

# Diakonikyrkjelyden — berre ein draum?

— Det vi treng er tilsette som er drivne av visjonen om kva kyrkjelyden er, og gudstenestebesøkjarar som er deltarar og ikkje tilskodarar, dvs. einskildpersonar som kan vere krystalliseringpunkt for visjonen om kyrkjelyden. Det er dette vi manglar i dag, skriv Ottar Myrseth i denne artikkelen. Myrseth heldt foredrag på diakonsamlinga på Vestnes i Møre Stift den 26. august, og måtte spørje om tanken om «Diakonikyrkjelyden» berre er ein draum?

Avtor: Ottar Myrseth

Berthold Brecht fortel i eit dikt om ein mann som kvar kveld om vinteren står på hjørnet mellom 26. gate og Broadway i New York og skaffer huslause penger til plass på herberge. Omkvedet er at dette endrar ikkje uren og betrar ikkje forholda mellom menneska; drivkrafa til å halde fram er berre at det gir nokre menn nattely så snøen som skulle alt på dei fell på gata.

Brecht har kanskje rett. Omkvedet for den diakonale innsatsen vert ofte:

«Det forandrer ikke verden  
Dette forbedrer ikke forholdene  
mellom menneskene  
Dette forkorter ikke utbyttin-  
gens tidsalder

Men eg er ikkje overbevist om  
at det må vere slik. Eg har  
drøymt ein draum der det er ann-  
leis. Draumen om diakonokyr-  
kjelyden. Draumen om kyrkjelyden der

— tenesta med å dele ut mat til  
enkjene er like viktig som tene-  
sta med ordet,

— Martasøstrene er like fulltali-  
ge som Mariasøstrene,  
— fellesskap er like viktig som  
«vellykkethet»,

— omsorg står like høgt i kurs  
som den rette lære,  
— samling om nattverdbordet  
søndag er like naturleg som søn-  
dagsfrukosten,

— å vere miskunnsam er eit sta-  
tussymbol,

— sosialkontora og krisesentra  
får ledig kapasitet fordi kyrkjene

og dei kristne heimane er herber-  
ge der det bur miskunnsame  
samaritanar,

— det er overskot på husfelles-  
skapsgrupper og samtalegrupper  
som studerer Bibelen saman,

— det er ein diakon å sjå både  
ved sida av presten ved natt-  
verdbordet og på husbesøk.

Er dette berre ein draum? Kanskje. Og for mange attpåtil  
ein uverkeleg draum. For mange  
som har hatt eit ublidt møte med  
kyrkjelyden eller ei kyrkjeleg  
stilling. Det går mange slike  
brente barn omkring: ungdoms-  
leiarar, kyrkjelydssekretærar,  
soknediakonar, soknerådsmed-  
lemar som har fått varig mein av  
møtet med «den kyrkjelege  
røyndom». Som har gitt littlefin-  
gen og fått heile handa kutta av.  
Som har møtt berre kalde miljø,  
likegyldige sokneråd eller tyran-  
niske sokneprestar.

Likevel vågar eg å drøyme.  
Den dagen vi ikkje vågar det len-  
ger, er slaget tapt. Å vedstå seg  
sine draumar, er å vedstå seg si-  
ne mål. Difor vil eg oppmode til å  
drøye imot kvardagens erfaringar.

Det første vi må spørje etter,  
er korleis han er denne kvardagen.  
Korleis er situasjonen og  
kva er utfordringane både i kyr-  
kja og i samfunnet der vi er sette  
til å bygge diakoni-kyrkjelyden?

## Visjonar

For det første er folkekyrja  
vår prega av husmannskom-  
pleks. Dette er ein sjukdom som  
har oppstått fordi avstanden har  
blitt for stor mellom det vi verke-

leg er og det vi ønskjer å vere. Vi  
har gitt oss sjøle folkekyrkje-  
ambisjonar som er mange num-  
mer for store. Resultatet er at vi  
har byrja å tenkje om oss sjølve  
at vi er for små, for få og for  
puslete; vi når for lite ut, kyrkje-  
ne våre er så därleg besøkte osb.  
Her er det vi lurer oss sjøle. Det  
er ikkje antalet som er proble-  
met. Problemet er husmann-  
skompleks. Og dette komplek-  
set kan korkje fleire stillingar el-  
ler fullare kyrkjebenkar rette på.  
Det vi treng er tilsette som er  
drivne av visjonen om kva kyr-  
kjelyden er, og gudstenestebesø-  
karar som er deltarar og ikkje  
tilskodarar, dvs. einskildpersonar  
som kan vere krystallisajons-  
punkt for visjonen om kyrkjely-  
den. Det er dette vi manglar i dag.

## Etter einskapskulturen

Dinest må vi gjere oss medvit-  
ne at vi lever i tida etter ein-  
skapskulturen. Samfunnet er  
pluralisert. Verdigrunnlaget er  
mangfaldig. Det betyr for oss at  
vi må innstille oss på som kyrkje  
og som formidlarar av aposto-  
losk kristendom ganske snart  
kan bli ein minoritet.

## Materialisme

Eit anna trekk i situasjonen er  
at velstandssamfunnet har dei  
materialistiske verdiar høg-  
status. Nye rekordnoteringar for  
dollar-kursen kan stå som sym-  
bolske uttrykk for denne utvik-  
linga. Mjuke verdiar som om-  
sorg i barneoppdragenga, nærl-  
eik i familiefellesskapen, trygge  
Forts. s. 12

# Overganger

Over fra s. 2

lokalsamfunn osv. har låg status i slike tider. Det vert heller ikkje vekking i slike økonomiske oppgangstider. I slike tider er det tungt å vere kyrkje og hardt å vere kyrkjeleg tilsett, også diakon. Vi må innrette oss på å måtte drive mykje såmannsarbeid og lite innhausting.

## Borgarleg religion

Kyrkja har berre i liten grad registrert og teke konsekvensane av denne utviklinga. Kyrkja held fram som om ingen ting var hendt. At evangeliet i svært liten grad får prege dei kristne nordmenns livsstil, at deira leve- og tenkjesett i stadig sterkare grad er meir heidensk enn kristent, at vi har med ein vaksen generasjon å gjere som manglar den basale kristendomskunnskap og som er i stadig mindre grad i stand til å formidle til den oppveksande slekt kva som er sann og ekte kristendom. I denne situasjonen held kyrkja fram som før og «betjener» heile folket med dei same ritene som før. Ritene lever vidare sjøl om trusinnehaldet er borte. Slike tener den kyrkjelege praksis til å fremje borgarleg religion stadenfor sann kristendom. Dersom dette ikkje snart vert teke konsekvensen av, vert paradoksal nok kyrkja ein redskap for avkristninga av folket. Slik ser diakonikyrkjelydens kvardag ut.

## Diakonikyrkjelyd

Kyrkjelydspresten som dagleg står ansikt til ansikt med den framveksande heidenskapen, må spørje seg: Kva er mi oppgåve som prest i denne tid? Diakonen som kjen i nærbondat med nauda i kyrkjelyden, må seie til seg sjøl: Kva slag diakonar og diakon trengs i denne situasjonen? Kristne lekfolk som mø-

ter avkristninga sitt kompakte trykk på sin arbeidsplass, må spørje: Korleis skal eg kunne leve som kristen og vise mine kamératar til Gud? — Og heile tida blir svaret: Vi må bygge og vi treng støtte frå ein levande kyrkjelyd, ein diakonikyrkjelyd.

Kyrkjelyden er ein organisme. Han er Kristi kropp i verda. Dei truande er Kristi kroppsdelar, innpota i Kristus gjennom dåpen. Dei har eit kristent fellesskap med kvarandre fordi dei er eitt i Kristus. Denne levande organismen er det vi kallar ein levande kyrkjelyd.

## Kristi kropp

Organismen er «simul justus et peccator». Liksom for kvar einskild kristen, gjeld det også for kyrkjelyden, at han samtidig som han for Gud er heilag, fullkommen og rettferdig, er han mellom menneske full av plett og lyte. Dei feil og manglar, synd og strid, ukjærleik og eigenkjærleik som kvart kristent menneske må bere til dagleg, men som vi til dagleg ber til Kristus i syndsvedkjendinga, dei er ein del av kyrkjelydens kvardag også. For menneske kan han difor ikkje verte fullkommen, men for Gud kan han det for Jesu Kristi skuld. Dette må vi halde fast på når vi drøymer om diakonikyrkjelyden.

Som organisme, dvs. som levande vesen, må kyrkjelyden gis livsvilkår som fellesskap. Ei levande organisme må ha næring for å overleve. Enkelt sagt tenker eg meg det slik at det er Guds ord og tenesta med det som skal skape kyrkjelyden. Og det er diakonien og diakonitenesta som skal få han til å leve.

**Korleis skal diakonien leggast opp?**

Her kan ingen foredragshold-

ar gi ferdige svar. Her skal fantasi og kjærleiken og dei lokale behov, ressursar og manglar vere med og avgjere veg og middel. Diakonale tiltak av mange slag er verdifulle; ungdomsdiakoni, karitativ og sosial diaconi, husfelleskapsdiakoni og ikkje minst personar som med sine haldningar og si teneste verkar som førebilete for dei mange.

For alle stader, i alle diakonikyrkjelydar, trengs diakonar. Liksom det trengs lekfolk til å halde andakter sjøl om presten preikar aldrî så mykje, så trengs det også leke diakoniarbeidarar. Men liksom kyrkjelyden ikkje kan leve berre av andakter i ny og ne, kan kyrkjelyden heller ikkje greie seg utan diakembetet. Det vart oppdaga alt mellom dei første kristne.

Difor treng vi lovfesta diakonstillingar. Difor treng vi soknediaconar og institusjons-diaconar. Vi treng diakonutdanning. Men det vi treng like mykje, er diakon-medvit. Slikt medvit kan leve både hos soknediaconar, hos bestyrarar, og for den saks skuld hos bussjåførar. Det spørst etter personar med identitet i kraft av å vere vigsla til diakon og ville gjere tjeneste som det.

## Diakonivekking

I vår kyrkjelege kvardag er diakonien viktigare enn nokon gong. Den kristne kyrkjelyden sin sanne identitet er truga i eit samfunn stadig sterkare prega av ikkje-kristen kultur. Det spørst om ikkje ei ny diakonal vekkjing i kyrkjelydane er det vi har sterkest behov for i denne situasjonen. Det materialistiske samfunnet etterlet seg ei fellesskapsnaud mellom alle menneske. Dette trugar også det kristne fellesskap. Utarminga av genuin kristendomskunnskap og sam-

Forts. neste side